



Dei fem leilighetene oppå SPAR er snart fullført. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I går starta Nilsen Eigedom marknadsføringa av fire av dei fem leilighetene i andre etasje på SPAR og dagleg leiar Bente Nilsen ventar spent på responsen.**

- Vi er veldig spente på utleigemarknaden. Førrebeles har vi ikkje dreve nokon aktiv marknadsføring. Vi har rett nok registrert ein viss interesse hos folk, men det er gjerne eit stort steg frå interesse og fram til ei leigeavtale, seier dagleg leiar til uskedalen.no.
- Kor lenge er Nilsen Eigedom innstilt på å ha is i magen?
- Vi kjem til å vera heller tålmodige. Det vil nok gå nokre månader før vi eventuelt satsar på sal, svarar Bente Nilsen.

Ein av leilighetene er leigd ut. Av dei fire som står att er det to på 110 kvadratmeter og to på 80 kvadratmeter og alle har stor hems. Alle skal vera fullført om to vekers tid, som planlagt, lovar Bente.

I annonsen der det blir streka under at leilighetene har høg standard blir det ellers frista med at dei ligg sentralt med gåavstand til butikk, post, bank, vertshus/restaurant, skule, barnehage, båthamn og kyrkje.

Det er Byggpartner Kvinnherad ved Frode Bu som har hatt oppdraget og Bente Nilsen rosar både han og dei fire polske arbeidarane hans for jobben.

- Det er gjort eit fint arbeid, slår ho fast.

Av Ola Matti Mathisen